



OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET  
Postboks 8148 Dep  
0033 OSLO

Dato: 03.04.2017  
Vår ref.: 2016/35088-7  
Saksbehandlar: talhals  
Dykkar ref.: 16/3757

## Vinterpakken - fråsegn Hordaland fylkeskommune

Viser til brev dagsett 19.12.16 der de ber om fråsegn til Europakommisjonen sine framlagde forslag til regelverksendringar, samla som «Clean Energy for All Europeans». Vi takkar for førespurnaden og viser til vedlagde saksframlegg og protokoll for våre innspel.

Sølve Sondbø  
Klima- og naturressurssjef

Tale Halsør  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Kathrin Jakobsen  
Katharine Louise Clarke

Arkivnr: 2016/35088-5

Saksbehandlar: Tale Halsør

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet	79/17	30.03.2017

**Vinterpakken - fråsegn Hordaland fylkeskommune****Samandrag**

Vinterpakken frå EU-kommisjonen er ei oppfølging av målsettingane for integrering av energimarknadane og målsettingane for fornybar energi og energieffektivisering fram mot 2030.

Norge har i dag ein høg fornybarandel og ein velfungerande, liberalisert kraftmarknad. Våre interesser er difor andre enn for dei fleste europeiske land når det kjem til utbygging av fornybar energi og energieffektivisering.

**Forslag til vedtak**

1. Hordaland fylkeskommune støttar nasjonal mål og verkemidlar for å realisere energieffektivisering.
2. Det viktigaste verkemiddelet i kvotepliktig sektor er kvoter (ETS) og denne sektoren bør skjermast for ytterlegare krav og andre verkemidlar.
3. I Norge er det stort potensial for reduksjon i klimagassutslepp og auke i fornybarandel i transportsektoren. Norge bør prioritere denne sektoren i implementering av fornybardirektivet.
4. Utvikling av nettarriffar vil vere viktig for å realisere ny fornybar energiproduksjon. Norge bør delta i denne utviklinga og generelt med integreringa av kraftmarknadane. Norske styresmakter bør finne ei løysing for å sikre norsk innverknad i ACER.
5. Hordaland fylkeskommune støttar forslaga om endringar i systemet for opprinnelesesgarantiar, for å hindre at den fornybare delen av krafta vert seld to gongar.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.03.2017**

**Aud Karin Oen (SV)** sette på vegner av SV og MDG fram slikt forslag:

«(a) Alternativ til punkt 2:

Norge bør umiddelbart innføra EUs energieffektiviseringsdirektiv og kvite sertifikat. Våre eigne målsettingar og verkemidlar for energieffektivisering må skjerpast i tråd med Arnstadutvalget.

(b) Tillegg til punkt 4 (endringa står i kursiv):

Utvikling av nettariffar vil vere viktig for å realisere ny fornybar energiproduksjon. Norge bør delta i denne utviklinga og generelt med integreringa av kraftmarknadane. Norske styresmakter bør finne ei løysing for å sikre norsk innverknad i ACER. *Det må takast omsyn til behova i den kraftkrevjande industrien.»*

**Synnøve Solbakken (A)** sette på vegner av A, Sp og KrF fram slik protokollmerknad:

«Ei oppmoding: Nytt *krattforedlande* industri i staden for kraftkrevjande industri.»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1, 3 og 5 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 vart vedteke med 12 røyster mot 3 røyster (SV, MDG, V) for Oen sitt forslag.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 4 vart vedteke med 13 røyster mot 2 røyster (SV, V) for Oen sitt forslag.

### Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune støttar nasjonal mål og verkemidlar for å realisere energieffektivisering.
2. Det viktigaste verkemiddelet i kvotepliktig sektor er kvoter (ETS) og denne sektoren bør skjermast for ytterlegare krav og andre verkemidlar.
3. I Norge er det stort potensial for reduksjon i klimagassutslepp og auke i fornybarandel i transportsektoren. Norge bør prioritere denne sektoren i implementering av fornybardirektivet.
4. Utvikling av nettariffar vil vere viktig for å realisere ny fornybar energiproduksjon. Norge bør delta i denne utviklinga og generelt med integreringa av kraftmarknadane. Norske styresmakter bør finne ei løysing for å sikre norsk innverknad i ACER.
5. Hordaland fylkeskommune støttar forslaga om endringar i systemet for opprinnelesesgarantiar, for å hindre at den fornybare delen av krafta vert seld to gongar.

### Protokollmerknad frå A, Sp og KrF

Ei oppmoding: Nytt *krattforedlande* industri i staden for kraftkrevjande industri.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 15.03.2017**

EU-kommisjonen har lansert pakka «Clean Energy for All Europeans» med forslag til endringar i direktiv og forordningar med mål om å integrere energimarknadane i unionen, også kalla Vinterpakken. Endringane kjem innanfor tema fornybar energi, energieffektivisering, marknadsmekanismar og styringsdialog, og er i realiteten ein 4. energimarknadspakke. Truleg vil størsteparten vere EØS-relevant.

Olje- og energidepartementet har bede om innspel til pakka med høyringsfrist 15. mars. Hordaland fylkeskommune har bede om og fått utsett høyringsfrist til 1. april. Hordaland fylkeskommune har i sin tur bede aktuelle aktørar i fylket om innspel og har motteke svar frå BKK og Norsk Hydro. Desse innspela, i lag med arbeid frå interesseorganisasjonen Kraftfylka og Klimaplan for Hordaland, dannar grunnlag for vår fråsegn.

## 1. Innleiing

Vinterpakken er ei vidareføring av energidelen av EU sine klima- og energimål for 2030. Det er tidlegare lansert forslag om endringar av klimakvotedirektivet (ETS) og innsatsfordelingsforordninga for klimagassreduksjoner utanfor ETS (ESR). Føremålet til Vinterpakken er ei integrering av energimarknadane i unionen for å stimulere til fornybar energiproduksjon og energieffektivisering. EU er i stor grad avhengige av import av energi og i delar av Europa utgjør utgiftene til energi ei stor byrde for mange hushald. Utbygging av fornybar energi og energieffektivisering er difor eit svar på fleire politiske og sosiale utfordringar utover klimaspørsmålet. I Norge har vi i stor grad liberalisert kraftmarknaden allereie, vi har ein stor fornybarandel i energiproduksjonen og innanfor bygg- og industrisektoren er vi komne langt med energieffektivisering. Ei av dei viktige utfordringane innanfor energipolitikken her er at vi produserer for mykje elektrisitet, men tilhøyrande låge prisar og lite lønsemd. Overordna vil difor mange av elementa i Vinterpakken truleg vere lite problematiske for Norge, men det kan vere utfordringar knytt til mål for energieffektivisering, tilknytting til eit overnasjonalt styringssystem, opprinnelsesgarantiar og føringar for harmonisering av nettarrifar. Forslaget frå kommisjonen er svært omfattande, det er i denne høyringa fokusert på moment som er relevante for Hordaland.

### 1.1. Fornybardirektivet

Fornybardirektivet var opprinnelsen til mellom anna dagens elsertifikatorrdning, som har gjeve grunnlag for storstilt søking om småkraftverk i Hordaland. Direktivet skal no reviderast og vil då inkludere fleire sektorar og nye verkemidlar. Tidlegare var fornybarandelen rekna ut etter kor stor del av energiforbruket som vart dekkja av fornybare kjelder. No vil mellom anna fornybarandelen i transportsektoren og energieffektivisering inkluderas i dette målet. Målet vil denne gong ikkje vere bindande på land-nivå, men det vil vere krav om ein lineær oppgang basert på kvart land sin fornybarandel i 2020.

Det er foreslått ei utfasing av subsidier til utbygging av ny fornybar energi. Dette har Norge allereie vedteke gjennom Energimeldinga, og er dimed ukontroversielt. Dersom land vel å halde fram med subsidier til fornybar energi, vil dei måtte opne for aktørar frå andre land. På den måten kan land med små eller kostbare fornybare ressursar kunne vere med å finansiere utbygging i andre land og likevel få rapportere dette inn på eigen måloppnåing. Det er vidare sett mål for mellomlandskablar på 15%. Her vil pågåande norske prosjekt telle inn og bidra.

Fornybar energi i transportsektoren vil vere eit viktig element for norsk oppfylling av fornybarandelen framover. Her er det foreslått at kraft brukt i transportsektoren kun reknast som fornybar dersom tilsvarende mengde opprinnelsesgarantiar vert sletta.

Kommisjonen ønskjer å vidareføre ordninga med opprinnelsesgarantiar. Ordninga skal gjere det mogleg for forbrukarar å etterspørje fornybar energi og gjere det meir lønsamt å investere i dette. Så langt har ordninga ikkje fungert etter planen, då ordninga kjem på toppen av andre støtteregimer til utbygging av fornybar energi. Vidare sel norske kraftprodusentar det meste av opprinnelsesgarantiane til Europa, på same tid som krafta vert marknadsført som fornybar også her i Norge. Det er eit problem at ordninga opnar for å selje den same eigenskapen to gongar. Kommisjonen ønskjer difor å justere ordninga slik at ho treff betre. For Norge

blir den viktigaste endringa at all rapportering og marknadsføring på fornybarandel, klimagassutslepp og liknande tek utgangspunkt i andelen opprinnelsesgarantiar i landet, og ikkje etter fornybarandelen i kraftproduksjonen. I tillegg vil ikkje produsentar kunne selje opprinnelsesgarantiar på same tid som dei mottek anna støtte til kraftproduksjonen.

### 1.2. Energieffektiviseringsdirektivet

Energieffektivisering har lite fokus i Norge grunna stor kraftproduksjon, og høg teknologisk standard. Vi har heller ikkje implementert det tidlegare direktivet som kom i 2009. Då det er ei sentral målsetting i Vinterpakken å få ei heilskapleg tilnærming til energi- og klimapolitikken i EU, vil truleg dette direktivet bli vurdert å vere EØS-relevant og følgjeleg ventast å bli implementert i Norge.

Forslag til bindande, overordna mål i direktivet er 30 % energieffektivisering innan 2030 på EU-nivå. Fokuset i direktivet er å skape jobbar i byggindustrien og redusere energikostnadane til innbyggjarane. Medlemslanda får ein del fleksibilitet når det kjem til utforming av målsettingar og verkemidlar, men det vil vere krav om faktiske og substansielle tiltak i alle land.

Industrien i Norge er uroa over forslaga i direktivet, då ny kraftkrevjande industri vil gjere det vanskeleg å nå dei nasjonale måla om energieffektivisering. Dei er også uroa over potensielle energieffektiviseringskrav til eksisterande produksjon, då dei meiner dei har teke ut sitt potensielle allereie. Direktivet opnar for å halde kvotepliktig sektor utanfor dei nasjonale målsettingane for energieffektivisering, gjeve somme føresetnader.

### 1.3. Marknadsregelverket

Den norske kraftmarknaden er allereie i stor grad liberalisert, det er likevel somme interessante punkt i denne pakken. Ein del av føremålet med pakken er å knyte marknadane tettare saman, og då også felles regulering av kraftmarknadane på EU-nivå. Eit organ for kraftmarknadsregulantar frå medlemslanda, ACER, er oppretta, men Norge, som ikkje har implementert 3. energimarknadspakke frå 2009, har ikkje avklart sitt forhold til ACER. Vi har dimed ikkje tilgang til organet. I Vinterpakken får ACER nye oppgåver, til dømes utforming av regelverket for nettariffar og mynde i saker om mellomlandsforbindelsar der landa ikkje er einige. Deltaking i ACER vil krevje avståing av suverenitet.

Nettariffar skal, etter forslag frå kommisjonen, harmoniserast. Føremålet er mellom anna å styre investeringar i ny fornybar energi til områder der behovet er størst. ACER vil få ansvar for utforming av regelverket.

## 2. Vurdering

Forslaga i Vinterpakken er vurdert opp mot mål og retningslinjer i Klimaplan for Hordaland. Vidare er vurderingar frå industriaktørar i regionen teke inn der relevant.

Den grunnleggjande tanken i forslaget, om å integrere energimarknadane i Europa vil vere positivt for å redusere klimagassutslepp generelt og vil vere med å styrke næringslivet, også i Hordaland.

Klimaplan for Hordaland slår fast «3.6 Strategiar for energi»:

*Strategi A: Energieffektivisering skal vere førstevealet*

*Strategi B: Vere ein føregangsregion i produksjon og lagring av fornybar energi*

*Strategi C: Utvikle påliteleg distribusjonsnett for energi*

*Under strategi C er det spesifisert vidare:*

*8. Utvikle distribusjonsnettet slik at fornybar energi i størst mogleg grad kan erstatte fossil energi.*

*10. Lokal bruk av energiressursane hindrar unødig energitap gjennom distribusjon og lagring. (...)*

*13. Komplette infrastruktur for elektrifisering av transport skal byggjast ut i heile fylket.*

Hordaland fylkeskommune stiller seg bak målsettinga om 30 % energieffektivisering på EU-nivå og ønskjer velkommen mål og verkemidlar for å realisere energieffektivisering også i Norge. Vi meiner likevel det er viktig å setje seg målsettingar som ikkje hindrar nyetablering av kraftkrevjande industri i fylket. Hordaland er eit av dei største produsentfylka for fornybar energi i Norge og bruk av fornybar kraft til industriproduksjon i fylket vil vere eit godt energieffektiviseringstiltak, då det får krafta i bruk nær produksjonen. Kvotepiktig sektor bør difor ikkje inngå i mål om energieffektivisering. Innanfor denne sektoren bør kvoter vere det styrande verkemiddelet.

Vidare er det eit viktig føremål at Hordaland kan nytte sine fornybare ressursar til å redusere klimagassutslepp her eller andre plassar. Ein tettare regulert marknad i Europa vil vere med å realisere slike målsettingar og vere positivt. Det er likevel viktig at kostnadane til nettutbygging vert fornuftig fordelt mellom produsentar og forbrukarar. I dagens system i Norge vert forbrukarane i område med stor utbygging av fornybar energi sitjande med store delar av kostnadane med å etablere distribusjonssystem for den nye krafta. Dette er ei byrde for fornybarregionar som Hordaland, og er eit hinder for å realisere nye prosjekt. Prinsippet om at regionar med stor utbygging får ein større andel av nettariffen bør etablerast, også på EU-nivå. Norge bør difor søkje å finne ei løysing slik at NVE får tilgang til ACER, og slik har høve til å vere med å utforme det kommande regelverket for harmonisering av nettaffar.

Auke i andelen fornybar energi i transportsektoren vil gå inn i fornybarandelen og her er det mykje å hente. Hordaland har satsa på utbygging av ladeinfrastruktur til elbilar og har høg andel elbilar i fylket. Det er no i ferd med å byggast ut fylleinfrastruktur også for hydrogenbilar i Bergen. Hordaland fylkeskommune har sett seg som mål at minst 40 % av alle lette køyretøy i fylket skal gå på ikkje-fossile drivstoff innan 2030. Fylkeskommunen ønskjer målsettinga om auke fornybarandelen i transporten i EU velkomen og meiner dette bør vere eit prioritert område for norsk måloppfylling for fornybarandelen. Vidare ber vi om at det følgjast opp med nasjonale verkemidlar for å realisere potensialet for elektrisitet og hydrogen som drivstoff i transportsektoren. Då systemet med opprinnelsesgarantiar er tenkt vidareført og kun tiltak med opprinnelsesgarantiar vert rekna inn, er det sentralt at norske styresmakter finn ei tilpassing slik at el- og hydrogenbilar på norske vegar vert rekna inn som det klima- og energitiltaket dei er.